# Vegen til meir og betre nynorsk

Språkrådet tilbyr mange læremiddel på nett. Her er eit framlegg til korleis du kan bruke dei i ei læringsløype på 14 dagar. Det finst ferdig materiell til fleire av tiltaka.



## Forarbeid

Gjer | Gjort

- Legg ut banner på intranett.
- Send-e-post med invitasjon og forklaring.
- Legg ut artikkel på intranett.
- Heng opp plakatar.

## Gjennomføring

### 1 Dag 1

Gjer | Gjort | Ansvarleg

- Send e-post og/eller legg ut intranett-artikkel med introduksjonsfilmen for nettkurset «Oi, på nynorsk!» og beskjed om å ta kurset innan ein viss dag.
- Arranger oppstartsmøte med motivasjonsforedrag og ev. kviss.
- Be alle ta kartleggingstesten og sende ein skjermdump av resultatet.

### 2 Dag 2–4

Gjer | Gjort | Ansvarleg

- Send e-post med
  - oppmoding om å skrive alle interne e-postar på nynorsk i kampanjeperioden
  - nynorsktips
- Hald ope kontor hos nynorskhjelp t.d. kl. 10–13 (gjenta kvar dag)

### 3 Dag 5–9

Gjer | Gjort | Ansvarleg

- Send e-post med
  - lenke til øvingsrommet der kvar og ein kan øve meir på det han eller ho er usikker på.
  - nynorsktips
- Inviter til språklunsj med faglege innlegg frå kollegaer, t.d. om kjepphestar eller aha-opplevingar.

### 4 Dag 10–13

Gjer | Gjort | Ansvarleg

- Legg ut intervju på intranett med ein som har tatt kurset / jobba godt med ein tekst e.l.
- Hald tekstverkstad der grupper jobbar med tekstar som skal publiserast på nynorsk.
- Be alle ta kartleggingstesten på nytt mot slutten av perioden og ta skjermdump av resultatet.

### 5 Dag 14

Gjer | Gjort | Ansvarleg

- Ha avslutningsmøte med kviss/kahoot og premiar til t.d.
  - seksjonen der størst prosentdel har gjennomført kurset.
  - den som har hatt best framgang i kartleggingstesten.
  - beste interne e-post på nynorsk.
- Send e-post med evalueringsspørsmål.



## Etterarbeid

Gjer | Gjort

- Skriv rapport til leiinga som viser
  - framgangen i kompetanse
  - evalueringsresultata
  - før- og etterdøme på tekstar

Rapporten til leiinga bør òg innehalde forslag til rutinar for å følgje opp nynorsk-arbeidet og halde kompetansen ved like framover.